



Utval:	Oppvekst- og kulturutval
Møtestad:	Møterom, Midsund Omsorgsenter
Dato:	24.11.2016
Tid:	09:00

Vi minner om reglane i kommunelova om møteplikt og lovleg forfall, og rett til fri frå arbeid. Forfall med grunngeving må meldast snarast på telefon 71270500. Varamedlemar skal ikkje møte utan særskilt innkalling. Dersom det er behov for meir informasjon i sakene, ta kontakt med rådmann før møtet. Innsyn i ikkje utsendte saksdokument kan du få ved å henvende deg til servicetorget. Nye forslag/endringsforslag bør vere utforma på førehand for å sikre betre møteeffektivitet. Eventuelle habilitetsspørsmål bør avklarast med ordføraren før møtet.

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 16/10	Godkjenning av protokoll Referatsaker	
PS 16/11	Oppnemning av styremedlemm ar til Frivilligsentral	2016/65
PS 16/12	Budsjett 2017 - Økonomiplan 2018-2020 Høyringsutkast rammeplan barnehagar	2016/581

Midsund 21.11.16

Kolbjørn Ove Stølen
Leiar


Malvin Gjendem Bjørnerem
Utvalsekretær

PS 16/10 Godkjenning av protokoll

Referatsaker



Utval: **Oppvekst- og kulturutval**

Møtestad: Midsund Omsorgsenter

Dato: 25.08.2016

Tid: 09:00

Faste medlemmar som møtte:

Namn	Funksjon	Parti
Kolbjørn Ove Stølen	LEIAR	H
Per Steinar Orvik	MEDL	KRF
Randi Anna Hånes	MEDL	H
Tonny Bugge	MEDL	AP
Rolf Kristiansen	MEDL	FRP

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Parti
Inga Kristine Godø	NESTL	V
Anette Gæver Hoel	MEDL	SP

Varamedlemmar som møtte:

Namn	Vara for:	Parti
------	-----------	-------

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Siv Janne Håseth-Eik	Rådgjevar oppvekst
Anita Bugge	Einingsleiar Midsund barnehage
Ketil Ugelvik	Rådmann
Malvin Gjendem Bjørnerem	Utvalsekretær

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at møteboka er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Kolbjørn Ove Stølen

Per Steinar Orvik

Randi Anna Hånes

Tonny Bugge

Rolf Kristiansen

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 16/8	Godkjenning av protokoll Referatsaker	
PS 16/9	Midler til innkjøp av teknisk utstyr til kommunen si "storstue" - storsalen ved Midsund skule	2016/404

Det vart halde møte i oppvekst- og kulturutvalet den 25.08.2016 Ved Midsund Omsorgsenter.

Møtet vart leia av Kolbjørn Ove Stølen.

Møtet tok til kl 09:00.

Det var 5 voterande i møtet og utvalet var vedtaksfør.

Det vert gjort følgjande orientering i løpet av møtet:

Rådmann Ketil Ugelvik informerte om følgjande:

Informasjon om status og tankar vedrørende utbygging av Midsund skule.

Budsjettprosessen.

Status for flykningar og dei nye som skal kome til kommunen same dag.

Rådgjevar for oppvekst Siv Janne Håseth-Eik og einingsleiar ved Midsund barnehage Anita Bugge informerte om tilsynsrapportane frå tilsyn ved Midsund barnehage, Gjerdet barnehage og Midsund skule.

Malvin Gjendem Bjørnerem informerte om frivilligsentralen.

PS 16/8 Godkjenning av protokoll

Samrøystes vedtak i Oppvekst- og kulturutval - 25.08.2016

Protokoll frå møte den 02.06.2016 vart godkjendt.

Referatsaker

PS 16/9 Midler til innkjøp av teknisk utstyrtil kommunen si "storstue" - storsalen ved Midsund skule

Forslag til vedtak:

Midsund kommune løyver inntil kroner 300.000,- til innkjøp av diverse teknisk utstyr til storsalen ved Midsund skule. Løyvinga vert finansiert ved bruk av ubrukte lånemidlar.

Samrøystes vedtak i Oppvekst- og kulturutval - 25.08.2016

Midsund kommune løyver inntil kroner 300.000,- til innkjøp av diverse teknisk utstyr til storsalen ved Midsund skule. Løyvinga vert finansiert ved bruk av ubrukte lånemidlar.

Møtet vart heva kl 10:40



Midsund kommune
Servicekontoret

Arkivsak: 2016/65-8

Arkiv: F08

Saksbeh: Malvin Gjendem
Bjørnerem

Dato: 21.11.2016

Saksframlegg

Oppnemning av styremedlemmar til Frivilligsentral

Utvalsak	Utval	Møtedato
16/11	Oppvekst- og kulturutval	24.11.2016

Forslag til vedtak:

Frå Midsund kommune:

- | | |
|---|----------------------|
| 1. Eling-Grete Vatnehol, kommuneplanleggjar | Frå administrasjonen |
| 2. Astrid Lovise Abelseh, rådgjevar – stab | Frå administrasjonen |
| 3. | Politisk vald |

Frå frivillige lag og organisasjonar:

4.
5.

Varamedlemar:

1.
2.

Saksutgreiing:

Midsund kommunestyre vedtok i møte den 23 følgjande:

- Midsund kommune søker Kulturdepartementet om statstilskot til etablering etter gitte reglar, innan søknadfristen den 1. juli 2016.
- Frivilligsentralen si verksemd skal vere i tråd med ”Retningslinjer for frivilligsentralar/ nærmiljøsentraler” vedtekne 23. september 2005 (revidert 28. januar 2010).
- Kommunestyret delegerer ansvar og mynde som årsmøte for frivilligsentralen til Oppvekst- og kulturutvalet.
- Koordinator for Frivilligsentralen i 50 % stilling, vert plassert med kontor i kommunehuset som ein del av servicekontoret.
- Det vert oppretta samarbeid med frivillige lag og foreiningar, enkeltpersonar og det offentlege om aktivitetstilbod, og det vil skje ei gradvis opptrapping av tilbodet.
- Vedtekter for Midsund Frivilligsentral vert vedtatt.

Den 23.9.16 fekk Midsund Frivilligsentral tildelt etableringstilskot frå Kulturdepartementet. I vedtektene til Midsund Frivilligsentral står der følgjande:

4. Organisasjon

- 4.1 Midsund kommune eig frivilligsentralen som har eit eige styre på 5 medlemmar. Koordinator er sekretær for styret.
- 4.2 Frivilligsentralen er ein del av servicekontoret i Midsund kommune, her ligg også personalansvar og ansvar for rekneskap.
- 4.3 Koordinator er tilsett i 50 % stilling.
- 4.4 Utanom koordinator, som er i løna stilling, er verksemda basert på frivillig, ulønna arbeid.
- 4.5 Årsmøtet for frivilligsentralen har rekneskaps- og budsjettansvar innanfor dei økonomiske rammer eigar til ein kvar tid vedtek. Styret tek vare på dette ansvaret mellom årsmøta.
- 4.6 Oppvekst- og kulturutvalet utgjer årsmøtet til Midsund frivilligsentral.

5. Styret

- 5.1 Midsund frivilligsentral skal ha eit styre på 5 medlemmer. Eigar skal ha fleirtal i styret. Administrasjon og politikarar skal være representert. Frivillige lag og frivillige tilknytt sentralen skal vere representert i styret med vara.
- 5.2 Styret konstituerar seg sjølv og veljar leiar og nestleiar.
- 5.3 Koordinator er sekretær på styremøtene og har tale og forslagsrett.
- 5.4 Leiar for styret blir valt for eitt år om gongen, dei øvrige for to år om gongen. Ingen kan sitje samanhengjande som medlem av styret i meir enn 8 år.
- 5.5 Første år står to på val med loddtrekning.
- 5.6 Møtegodtgjersle etter sats til gruppe B, etter ”Reglement for godtgjersle og dekning av økonomisk tap m.v. til kommunale ombod”.

6. Styret sine oppgåver

- 6.1 Sjå til at frivilligsentralen vert dreven i samsvar med vedtekter og planar.
- 6.2 Arrangere årsmøte for sentralen.
- 6.3 Avgjere saker som gjeld den daglege drifta i tvils- og tvisttilfelle.
- 6.4 Leggje fram forslag til nye styremedlemar for årsmøtet.
- 6.5 Kjenne eige ansvar for taushetsplikt i personalsaker.

Vurdering:

På bakgrunn av vedtak i kommunestyret og frivilligsentralen sine vedteker oppnemner Oppvekst- og kulturutvalet følgjande styremedlemar til Midsund Frivilligsentral.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Malvin Gjendem Bjørnerem

Vedlegg (prenta):

Vedlegg (uprenta): Vedtekter Midsund Frivilligsentral

Særutskrift går til: Til alle valde medlemmar og varamedlemar.



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2016/581-2
Arkiv: 150
Saksbeh: Ketil Ugelvik
Dato: 17.11.2016

Saksframlegg

Budsjett 2017 - Økonomiplan 2018-2020

Utvalsak	Utval	Møtedato
16/12	Oppvekst- og kulturutval	24.11.2016
	Helse- og omsorgsutval	
16/75	Formannskapet	28.11.2016
	Eldrerådet	
	Rådet for funksjonshemma	
	Ungdomsrådet	
	Kommunestyret	

Forslag til vedtak:

Rådmannen legg fram for formannskapet ei balansert skisse til budsjett for 2017 og økonomiplan for 2018 – 2020.

Saksutgreiing:

Kommunestyret skal vedta budsjettet etter innstilling frå formannskapet, jf kommunelova §§ 44 og 45. Til grunn for formannskapet si innstilling ligg rådmannen si skisse til budsjett for 2017 og økonomiplan 2018-2020. Rådmannen legg fram ei skisse til årsbudsjett og økonomiplan i balanse.

Ein har lagt inn låg rente i heile planperioden og ein kan ikkje gjere rekning med innsparing/mindreforbruk på finansområdet. Vidare har ein lagt inn 1,7 million kroner i ekstra skjønnsmidlar som kompensasjon for store utgifter på eit tenestoområde.

I haust har vi kjørt ein meir komprimert budsjettprosess der ein har hatt fleire arbeidsmøte med utvida formannskap og administrasjonen.

Vurdering:

I økonomiplanperioden har ein lagt til grunn at vi beheld småkommunetillegget. Arbeidet med å danne ny kommune vil vere ei krevjande og spanande oppgåve. Intensjonsavtalen med Molde opnar opp for at Midsund kan realisere/gjennomføre fleire store investeringsprosjekt i perioden. Utan denne avtalen hadde det ikkje vore rom for nye investeringar av noko størrelse i planperioden.

Budsjettet er særst stramt. Her er mange ønskje og behov som ikkje blir innfridde - sjølv om ønskja både er rettkomne og nødvendige. Det er krevjande for ein liten kommune å etterleve krava til «generalistkommunen». Tronge rammer og mangel på fagfolk fører til stor og tunge arbeidsbyrder for mange. Ein og same person må ofte dekkje eit breitt spekter av arbeidsoppgåver og sårbarheita blir stor.

Midsund kommune har gjort strukturelle grep innan barnehage og grunnskule. I dette framlegget vert det foreslått endring av administrativ organisering innan helse og omsorg. Med alle dei krav og forventningar som sentrale styresmakter og innbyggjarane stiller, er rådmannen redd for at vi ikkje greier å oppfylle alle krava på ein god nok måte.

Vidareføring av tiltak vedtatt inneverande år, samt auke i utgiftene til barnevern, ikt og krisesenter gjer at det har vore krevjande å sy saman eit budsjett. Rådmannen veit og at det vil vere særst utfordrande å etterleve budsjettet. På fleire område er ein i grenseland for kva som er fagleg forsvarleg.

Dei siste fem åra har vi avsett ein buffer på 2 million kroner. Dette har gjort at vi har opparbeida eit driftsfond på 5,3 million kroner. I dette budsjettet og økonomiplanen må vi bruke av dette fondet for å få budsjettet i balanse. I 2018 vil driftsfondet vere oppbrukt, og vi må budsjettere med midlar frå Havbruksfondet for å oppnå balanse i 2019.

I planforslaget ligg det inne midlar til skuleutbygging, bygging av administrasjonsbygg/fiskerisenter og investeringar i VA-området.

Budsjettet er så stramt at det vert særst utfordrande å etterleve – vi har heller ikkje avsett midlar til møte uføresette utgifter. Kravet til nøkternheit, nytenking og fleksibilitet vil vere stort. Vi må ha ekstremt fokus på økonomistyring. Før nye tiltak vert sett i verk, må det gjerast grundige analyser og vurderingar.

Vi går inn i ein spanande og historisk periode. Arbeidet med å lage ein ny kommune vil vere arbeidskrevjande, spanande og utviklande. Takka vere intensjonsavtalen med Molde kommune er det funne plass til store og viktige investeringar i planperioden; skulebygg og administrasjonsbygg/fiskerisenter. Dette er investeringar som vil vere viktige og som vil gi gode vekstimpulsar til midsundsamfunnet.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Driftsfondet vert oppbrukt.

Ketil Ugelvik
Rådmann

Vedlegg (prenta):

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til: